

NVE

Bjerkreim Bondelag
v/leiar Bente Gro M. Slettebø
Heiavegen 555 A
4387 Bjerkreim

10.11.16

Ang IVAR sin søknad om konsesjon til å få nytta Birkelandsvatnet i Bjerkreim Kommune til drikkevasskjelde

Bjerkreim bondelag vil igjen be NVE innstendig om å ikkje gi IVAR IKS konsesjon til å nytta Birkelandsvatnet som drikkevasskjelde. Etter befaringa 27.10.16 er Bjerkreim Bondelag styrka i overbevisinga om å gå imot Birkelandsvatnet som drikkevasskjelde.

Me ynskjer å koma med følgjande tilleggsmotsegner i lys av befaringa:

Jordbruksområde

- Birkelandsvatnet ligg midt i eit aktivt jordbruksområde - dette viste befaringa tydeleg. Ved befaring ved alternativet Store Myrvann var det motsett. Ingen konflikhtar med matproduksjon og landbruksområde, positive grunneigara.
- Bjerkreim Bondelag meiner det må vega tungt at 100 % av bondelaga som mottek vatnet sitt frå IVAR IKS, ikkje ønskjer dette frå Birkelandsvatnet. Her står bøndene samla. Det styrkar vårt behov for å få garantiar for løfta til IVAR IKS ang ingen klausulering, samt at der må vera sterke grunnar for å ikkje ta alternativet Store Myrvann.
- På befaringa var ikkje ein einaste av politikarane frå Nord-Jæren som har bestilt dette vatnet med. Dei var ikkje med for å sjå på området dei ynskjer å få vatn i frå. Det var urovekkjande for dei som bur der. "Veit dei kva dei ber om", undra ein. "Veit dei at sauene gjer i frå seg i vatnet - kor mykje trøbbel får me når byfolket kjem på tur og skal sjå kor springvatnet kjem i frå?"
- På befaringa var det tydeleg at utredninga av Store Myrvann ikkje var vektlagt på same måte som Birkelandsvatnet. Me vil be NVE om at Store Myrvann vert betre utgreidd. Både tunnelloysingar, tunneltrase og det at det no vert sett på om ein skal opna opp for kraftutnytting i verna vassdrag (på bordet til regjeringa nå)talar for Store Myrvann. Lyse som allereie tek ut kraft frå Store Myrvann skal om kort tid oppgradera kraftstasjonen der. Her burde der vera moglegheit for kostnadssparingar begge vegar.

Prislappen

- Kostnadene vert brukt som hovudargument for å ta Birkelandsvatnet kontra Store Myrvann. Pga at dette vert så massivt vektlagt ynskjer Bjerkreim Bondelag at NVE tek reknestykka på Store Myrvann i nøyare augesyn. Jmf punktet ovanfor. Reknestykket bør vera reelt med billigaste og beste løysinga.

- Bjerkreim Bondelag vil be NVE om at dei pålegg IVAR IKS å utføra ei utgreiing og ei kostnadsberekning ved ei evt klausulering av nedslagsfeltet rundt Birkelandsvatnet. Me vil ha eit bilete på kva det evt vil kosta. NVE må ta til følge at dette er den store utfordringa til grunneigara og kommunen vatnet ligg i. Me må ha rett på å få utgreidd denne sida og. Her er to partar som er ueinige om framtida. Så lenge ingen kan vita den - må NVE ta dette til følge!
- Det vert hevda at uttakk av vatn frå Store Myrvann er 3 gonger så dyrt som Birkelandsvatnet. Om ein tek summen og deler på antall innbyggjara som skal motta dette vatnet vert det sånn me kan sjå ca 1000 kr ekstra pr mann. Dette utdelt på alle dei åra det menneske skal nytta godt av vatnet vert det forsvinnande lite. Om ein tek summen i ein eingong tilsvarer det knapt ein middag for to i Stavanger ein laurdagskveld. Me vert provoserte om dette skal vera avgjerande for at de gir konsesjon til Birkelandsvatnet, så lenge det ligg til rette for uttak i alternativ kjelde: Store Myrvann.

Klausulering

- På befaringa , tilliks som på høyringsmøte, trekkjer IVAR IKS fram at der er ingenting som tilseier at der vil verta krav om klausulering av nedslagsfeltet. På befaringa bruker dei Mjøsa som eksempel overfor framømte grunneigara. Men: Birkelandsvatnet er mykje mindre i areal og dybde enn andre vasskjelder utan klausulering. Mjøsa er 117 km langt, Birkelandsvatnet er 7,5 km, Mjøsa er 15 km bredt, Birkelandsvatnet er 0,9 km, Mjøsa er 362 km², Birkelandsvatnet er 5,4 km², Mjøsa er Noregs største innsjø. Me er forundra over at IVAR IKS bruker Noregs største innsjø som eksempel når dei skal understreka argumentet sitt om ingen klausulering. Me vil påstå at det er villeiande informasjon. Dette styrkar ynsket vårt om eit reknestykke på ei evt klausulering.
- **Klausulering** - IVAR IKS hevdar hardnakka at der er ingenting som tyder på at området treng å klausulerast i framtida. Bjerkreim Kommune, Bjerkreim Bondelag og grunneigara stiller alle spørsmål ved dette. For å løysa dette ved ein evt konsesjon vil Bjerkreim Bondelag be NVE om å: gi konsesjon på vilkår av skriftleg, tinglyst garanti frå selskapet IVAR IKS om at jordbruksdrift og allmenn benyttelse av vatnet ikkje skal påverkas av drikkevasskjelda. Om der kjem sånne endringar så er det dei som mottek drikkevatnet som må ta kostnadene ved dette. Evt finne ny kjelde.

Verna vassdrag

- Bjerkreimsvassdraget er verna. I vannressurslova § 35 i forskrift om retningslinjer ved verna vassdrag står det ettertrykkeleg at det kun kan gjerast inngrep om der er ingen andre alternativ. Sånn sett burde aldri konsesjonssøknaden til å ta Birkelandsvatnet kome så langt som den faktisk har gjort. Rogaland flaumar over av vatn. Alternativa er mange.
- IVAR IKS har fått utgreidd at dei skal klare halda oppe vannstanden i Bjerkreimsvassdraget sjølv i tørkeperiodar. Dei vil nytta tidlegare erverva drikkevasskjelder til dette. Me har

vanskeleg for å tru at dette lar seg gjera om tørken varer over ei viss tid. Me har i skrivande stund ein så tørr haust ein ikkje trudde var mogleg i Rogaland. Korleis kan me stola på berekningar som er gjort på papiret? Me bønder er vane med å forholde oss til sånn faktisk veret og forholde er. Å spå veret og sjå alle utfordringar som kan følgja av det er å driva med tipping. Av omsyn til vernet burde Birkelandsvatnet vera utelukka i så måte.

- Bjerkreimsvassdraget er viktig for Bjerkreim. 90 % av Bjerkreim er tilknytte dette vassdraget. For grunneigarane langs elva gir det landskjente laksefisket gode biinntekter til garden. For kommunen kan elva verta ei gullgruve i forbindelse med turisme om utviklinga i den næringa eskalerer sånn det ser ut til no. Bjerkreim Bondelag vil difor nytta dette argumentet og mot konsesjon. Det kan vera å frata Bjerkreim Kommune og deira innbyggjarar tilgang til eigne ressursar og utnytting av denne. For ikkje å snakka om det vert opna for moglegheiten til å ta ut meir kraft av verna vassdraget. I tilfelle det så vert det snakk om å låna vatnet til kraft for så å senda det tilbake igjen. Har IVAR IKS drikkevassuttak i Birkelandsvatnet vil dei ha mykje å seia for korleis Bjerkreim skal forvalta den moglegheiten. Det blir feil.

Grunneigarrettigheter

- På befaringa vart det igjen opplyst om at dei som er grunneigara i nedslagsfeltet ikkje vil verta direkte informert som grunneigarane langs vatnet, men må følgja med på kunngjeringar. Me vil be NVE pålegga IVAR å informera alle grunneigarar i nedslagsfelta til drikkevasskjelda dei skal bruke på lik linje som grunneigarane. Me tykkjer det er urimeleg at grunneigarane sjølv skal måtte fylgja med for å ha rettigheter ved bandlegging o.l.

Bjerkreim Bondelag vil be NVE om å seia nei til konsesjon. Me tykkjer sjølv me har argumentert godt mot dette. Det som er utfordringa er at selskapet som står bak konsesjonssøknaden har moglegheit til å kjøpa mange rapporter som støttar deira argumentasjon. Me kan kun argumentera med sunt bondevit, lokal kjennskap, fornuft og retten til å bestemma over eigne ressursar, gard og grunn. Me ber dykk innstendig om vektlegga dette. Vatn er det nok av annan stad.

Mvh for Bjerkreim Bondelag
Bente Gro M. Slettebø, leiar
412 13 619